



Kjell Taranger i Korsnes har teke biletet over av eit koseleg dyr og lagt det ut på Facebook. Han har presentert det som ein mårkatt og opplysar at dyret er utstoppa sjølv om det slett ikkje verkar slik, for det verkar svært så livleg. Men kva slags dyr er det? Kjell har fått det av ein venn og har registrert at det er observert fleire slike i Valen-området. Dette er vår konklusjon førebels

* Ein mårkatt er eit anna ord på den vanlege måren. Det er truleg ein vanleg mår Kjell har utstoppa i stova. Dyret passar best til opplysningane om måren i leksika og dyrebøker.

* Hvis det hadde vore ein mårhund, ville han vore noko større og ein liten sensasjon. Første gong mårhunden vart registrert her i landet var i 1986 ved Kirkenes og sidan har han spredt seg mot sør.

Men alt tyder på at det er einskilde dyr og ikkje nokon bestand. Mårhunden er det ikkje ynskjeleg å ha i norsk fauna, det er tillete å jakta på han året rundt og den står på svartelista vår.

Men har andre sett mår, mårkatt eller for den saks skuld mårhund, høyrer vi gjerne frå dei.

Av Ola Matti Mathisen